Høring av melding om kraft fra land til plattformer på Haltenbanken.

Tonje N. Forland og Pål Buhl-Mortensen.

Havforskningsinstituttet
2024

Kunnskapsbidrag - Miljø og biologisk mangfold - Bestilling av råd/kunnskap - Kraft fra land til plattformer på Haltenbanken.

Viser brev fra NVE datert 14/02/2024 (ref 202309500-6).

Equinor planleggjer kraftforsyning frå land til ein eller fleire plattformar på Haltenbanken.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) ønskjer å få innspel til kva for utredningar som bør gjennomførast før utarbeiding av konsesjonssøknad om bygging og drift av anlegga etter energilova og havenergilova.

Equinor har laga eit forslag til utredningsprogram som er vedlagt. Her er ei kort oppsummering av dei delane av arbeidet som er mest relevant for Havforskningsinstituttet sin kompetanse og rådgjeving, etterfulgt av våre innspel.

Kort oppsummering av planlagt arbeid:

Det blir foreslått tre moglege trasear for straumkablar til havs som går frå fastlandet og ut til Haltenbanken. Formålet er å redusere co2 utslepp frå plattformen ved å bruke straum i staden for gass. Det er snakk om ein HVAC sjøkabel med lengde 190 – 215 km avhengig av kva trase som blir valgt. HVAC=High Voltage Alternate Current (vekselstraum med høg spenning). Kabelen blir dimensjonert for 123-245 kV.

Det står at det blir vurdert «tiltak på sjøbunnen for installasjon og beskyttelse av kabelen». Det står og at etter installasjon vil «kabelen bli spylt ned i sedimentet slik at det oppnås tilstrekkelig overdekning og beskyttelse». Viss dette ikkje er mogleg, til dømes ved kryssing av andre kablar eller røyr, vil det bli lagt eit lag med stein over kabelen.

Innspel frå Havforskningsinstituttet til utredningsprogrammet, med utgangspunkt i rapporten frå Equinor:

Vi tilråder at det blir lagt større vekt på miljøpåverknad langs kysten og i havet både når det gjeld elektromagnetiske felt frå kabelen, og i tillegg når det gjeld arbeidet med å spyle eller grave ned kabelen, eller dekke han til.


Avsnitt 8.9 handlar om elektromagnetiske felt, men berre i luft, ikkje til havs. Elektromagnetiske felt til havs kan påverke marint liv og bør og vurderast.

Avsnitt 8.12 handlar om fiskeri, havbruk og skipsfart. Dei skal kartleggje gyteområder og gytevandringar. Det står ingen ting om korallar som det er mykje av i dette området.


Havforskningsinsituttet saknar tiltak for å undersøkje om det elektromagnetiske feltet frå kabelen kan ha negative effekter. Det bør reknast ut kor lang rekkjevidde det elektromagnetiske feltet frå kabelen har under vatn. HI fraråder elektromagnetiske undersøkingar (geofysiske undersøkingar) i områder med gytevandringar i gytevandringsperioden som er ca 1. januar – 1. april for store områder i Norskehavet. Vi fråråder ikkje dette i gyteområder, berre for gytevandringsrutene. En kabel har trolig mye svakere elektromagtetisk felt enn disse, men det bør undersøkes.

Det bør leggjast ein plan for tiltak for å unngå å skade raudlista natur på djupt vann (korallrev og korallskog) og på grunt vann (rugl-bunn og eksponert blåskjellbunn). Arbeidet med å spyle ned kabelen i sedimenta, eller dekkje han med stein bør skje på ein slik måte at ein er sikker på at ein ikkje skadar artane eller livsmiljøa knytta til desse naturtypane. I nokre tilfelle kan dette innebære å endre traseens form.

Havforskinsinstituttet har kart som viser forekomstar av korallar (Fig. 1), men det er i tillegg mange ukjente korallforekomstar i dette området. Det er rike korallrev-områder på sokkelen utenfor midt-Norge. Spesielt er korallverneområder på Iver-ryggen (sentralt i Fig. 1) utsatt for påvirkning av den planlagde kabel-leggjinga. Vi anbefaler bruk av kamera for å sjekke om det er korallar der. Ta gjerne kontakt med HI for instruksjonar om korleis korallane ser ut.



Figur 1. Skjermdump frå Mareanos kartløysing (mareano.no) som synar område med korallrev (modellerte områder kor sannsynligheten er stor, verna område og observerte korallrev).



Figur 2. Den nordlegaste traseen krysser områder med både kjende og moglege korallrev. På kartet ovanfor er kjende korallrev indikerte med oransje punkter.

Meir informasjon om både korallar, påverknad av elektromagnetiske felt på fisk, og kart over sårbare gytevandringar og gytefelt kan finnast i rapporten (Forland et al. 2024) https://hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2023-63.

Referanse:

Forland, T.N., Sivle, L. D., de Jong, K., Pedersen, Strømme, M.L., Kutti, T., Durif, C., McQueen, K., Grismbø, E., og Wehde, H., Havforskningsinstituttets rådgivning for menneskeskapt støy i havet – kunnskapsgrunnlag, vurderinger og råd for 2024. (2024) Rapport fra havforskningen. iSSN: 1893-4536